



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 1 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Intern delegasjon

Til [Lovdata](#)
[Delegasjonsreglement](#)

1. Om intern delegasjon	3
Innleiing	3
Administrative utval som er gjeve mynde	3
Prinsipp for utøving av delegert mynde	3
1. Tilhøvet til kommunestyret	3
2. Retningslinjer for bruk av delegert mynde	4
3. Tilbakekalling og kontroll av delegasjonsvedtak	4
4. Rett og plikt til å la vere å bruke delegert mynde	4
5. Vidaredelegasjon	4
6. Uklart mynde	4
7. Rapportering	4
8. Rett til å gjere om eit vedtak	4
9. Klage	5
10. Når reglementet ikkje seier noko	5
2. Delegasjonar frå rådmannen	6
Kommunelova	6
Arkivlova	8
Forvaltningslova	8
Alkoholova	8
Barnehagelova	9
Barnevernlova	9
Brann- og eksplosjonsvernlova	9
Eigarseksjonslova	9
Film- og videogramlova	9
Folkehelselova	9
Forureininglova	9
Friluftsløva	10
Hamne- og farvasslova	10
Helse- og omsorgstenestelova	10
Hundelova	10
Husbanklova	10
Introduksjonslova	10
Jordlova	11
Konfliktrådslova	11
Konsesjonslova	11
Lakse- og innlandsfiskelova	11
Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga	11
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag	11
Lov om tilskot til livssynssamfunn	11



INTERNKONTROLL I HAREID KOMMUNE - DELEGASJONSREGLEMENT

Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 2 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Lov om trussamfunn og ymse anna	12
Matrikkellova.....	12
Odelslova	12
Offentlegheitslova	12
Opplæringslova	12
Plan- og bygningslova.....	13
Serveringslova	13
Skogbrukslova.....	13
Smittevernlova	13
Stadnamnlova.....	13
Straffelova	13
Tobakksskadelova.....	13
Tvangslova	14
Tvistelova.....	14
Veglova	14
Vegtrafikklova.....	14
Viltlova.....	14



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 3 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

1. Om intern delegasjon

Innleiing

[Til forside](#)

Kommunestyret har gjennom delegasjonsreglementet gjeve rådmannen mynde på nærmare bestemte område.

Gjennom dette dokumentet delegerer rådmannen noko av sitt mynde vidare nedover i organisasjonen. Delegasjon skjer til funksjon og ikkje til person.

Rådmannen delegerar berre direkte til einingsleiarar, leiar stabsfunksjonar og kommunalsjefar.

Mynde kan igjen delegerast vidare nedover til underordna funksjonar, med mindre det særskilt er sett forbod mot det. Vedtak om slik vidaredelegasjon skal gjerast av ansvarlig kommunalsjef etter forslag frå einingsleiar/leiar stabsfunksjon. Stabsleiarar kan sjølv gjere vedtak om vidaredelegasjon.

Vedtak skal leggjast på sak.....i ephorte. Dette for at vi skal ha alle myndetildelingar samla på ein stad.

Det bør i tillegg til reine myndetildelingar, også peikast ut ein funksjon som har myndet til einingsleiar/leiar fagstabfunksjon ved ferieavvikling, sjukdomsfråver og/eller permisjonar.

Ansvarleg kommunalsjef, einingsleiar og leiar fagstabfunksjon har alltid same mynde som sine underordna einingar.

Administrative utval som er gjeve mynde

[Til forside](#)

Tilsettingsutval som har slik samansetning:

- Personalleiar (eventuelt rådmann)
- Ein representant utpeika av dei tillitsvalde
- Einingsleiar/leiar stabsfunksjon for den eininga tilsettinga gjeld (eventuelt kommunalsjef)

Tilsetting av kommunalsjef vert gjort etter kommunestyret sitt delegasjonsreglement.

Ved tilsetting av leiar stabsfunksjon vert einingsleiar/leiar stabsfunksjon erstatta med rådmannen.

Ved tilsetting av einingsleiar vert einingsleiar/leiar stabsfunksjon erstatta med kommunalsjef for det aktuelle området.

Prinsipp for utøving av delegert mynde

[Til forside](#)

1. Tilhøvet til kommunestyret

- Rådmannen sine delegasjonar er alltid underordna kommunestyret sitt delegasjonsreglement. Ved motstrid er det kommunestyret sin delegasjon som gjeld.
- Alle som er gjeve mynde har ansvar for å sikre seg om at utøving av mynde skjer i samsvar kommunestyret sitt delegasjonsreglement og delegasjon frå rådmannen.



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 4 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

2. Retningsliner for bruk av delegert mynde

- Delegert mynde kan berre utøvast innanfor det naturlige fagfeltet/ansvarsområdet som stillinga/funksjonen har.
- All delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningskikk.
- Delegert mynde skal utøvast lojalt og i samsvar med retningsliner gjeve av overordna. Det betyr også innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedtekne av kommunestyret, rådmannen eller annen overordna.

3. Tilbakekalling og kontroll av delegasjonsvedtak

- Ein gjeven delegasjon kan når som helst trekkjast tilbake av den same som gjorde vedtak om delegasjon. Rådmannen kan også sjølv trekkje tilbake administrative delegasjoner gjeve av andre.
- Overordna kan kreve å få seg forelagt ei sak som ein underordna har til handsaming i samsvar med delegert mynde.
- Overordna kan kreve å få overta handsaminga av og gjere vedtak i enkeltsak som underordna har til handsaming i samsvar med delegert mynde.

4. Rett og plikt til å la vere å bruke delegert mynde

- Underordna har rett og plikt til å overlata til rådmannen å gjere vedtak i enkeltsak når særlige grunnar gjer at saka avvik frå det som er vanleg i saker omfatta av delegasjonen, eller når det er grunn til å tru at saka ikkje bør handsamast av underordna ut frå intensjonane i rådmannen sitt delegasjonsvedtak.
- Underordnet skal i kvart enkelt høve gjere ei vurdering på om saka er av ei slik betydning at den må leggest fram for overordna til avgjerd.

5. Vidaredelegasjon

- Kommunalsjefar har rett til å delegere mynde vidare til avdelingsleiar i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt retningsliner og instruksar gjeve av rådmannen. Einingsleiar og avdelingsleiar kan sjølv gjere vedtak om vidaredelegasjon.
- Andre underordna har ikkje rett til slik videradelegasjon om ikkje anna er særskilt nemnt.
- Mynde til å handsame klage på administrative vedtak kan ikke delegerast nedover frå kommunalsjef, einingsleiar eller avdelingsleiar.

6. Uklart mynde

- Dersom det er uklart om ein underordna har mynde til gjere vedtak i ei sak i samsvar med delegasjonen, skal dette spørsmålet avgjerast av nærmaste overordna.

7. Rapportering

- Vedtak som vert gjort i samsvar med delegert mynde, skal leggest fram som referatsak til det organ som etter kommunestyret sitt delegasjonsreglement er peika ut som rapporteringsorgan. Dette bør rapporterast til møte i organet så snart som mogleg.

8. Rett til å gjere om eit vedtak

- Kommunen kan gjere om sitt eige vedtak uten at det er klaga på etter dei regler som gjeld i forvaltningslova § 35 1.ledd.



INTERNKONTROLL I HAREID KOMMUNE - DELEGASJONSREGLEMENT

Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 5 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Det vil sei når:

- a) endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser eller
 - b) varsel om vedtaket ikkje er kome fram til den det rettar seg mot og vedtaket heller ikkje er offentlig kunngjort, eller
 - c) vedtaket må vert rekna for å vere ugyldig.
- Ein overordna kan av eige tiltak gjere om underordna vedtak på samme måte som den underordna sjølv.
 - Avgrensningane i forvaltningslova § 35 1.ledd. gjeld berre ved omgjerjing av enkeltvedtak, jfr. forvaltningslova § 3 1.ledd.

9. Klage

- Parter og andre med rettsleg klageinteresse, jfr. forvaltningsloven § 28, kan klage på vedtak gjort av administrasjonen. Evt. klagerett i personalsaker følgjer reglane som er heimla i lov eller avtaleverk.
- Enkeltvedtak gjort på delegert mynde kan klagast på på vanlig måte etter forvaltningslova/ regler i særlover og til den klageinstansen som lova seiar.
- Handsaming av ei klage på administrativt vedtak skal alltid handsamast i administrasjonen først, og dersom denne ikke gjev klagaren medhald, skal klaga handsamast i det organet som kommunestyret sitt delegasjonsreglement seier.
- Administrativ handsaming av klager skal skje hjå kommunalsjef, einingsleiar eller avdelingsleiar.

10. Når reglementet ikkje seier noko

Er ei lov, forskrift eller eit regelverk ikkje nemnt i dette dokumentet, kan det antan bety at:

- mynde må utøvast av rådmannen sjølv,
- kommunestyret har delegert mynde til andre enn rådmannen, eller
- mynde er ikkje delegert og må utøvast av kommunestyret sjølv



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 6 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

2. Delegasjonar frå rådmannen

Kommunelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Personalsaker

1. Følgjande mynde **vert ikkje delegert** frå rådmannen:

- Opprette, legge ned og utvide stillingar innanfor godkjent budsjett.
- Gjennomføre forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane.
- Omplassering av personell

2. Delegasjonar frå rådmannen vert gitt til kommunalsjefar:

- Opprette, legge ned og utvide stillingar innanfor godkjent budsjett

3. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Tilsettingsutvalet**:

- Tilsetting og oppseiing i stillingar der tilsettingsmyndet etter lov eller reglement ikkje er lagt til anna organ.
- Ved tilsettingar der tillitsvald er usamd med dei administrative medlemmane i utvalet om kven som skal tilsettast, avgjer rådmannen kven som skal tilsettast.

4. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar løn og personal**:

- Om det kan tilsettast i ei stilling utan utlysning.
- Omplassering av personell.
- Fastsette lønnsansiennitet.

5. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **kommunalsjefar, einingsleiarar og avdelingsleiarar stabfunksjonar**:

- Søknad om permisjon og søknad om redusert arbeidstid.
- Søknad om løyve til å ta ekstraarbeid utanom hovudstilling i kommunen.
- Beordre til stedfortrederteneste.
- Godkjenne tenestetelefon i samsvar med reglement.
- Godkjenne bruk av eigen bil i teneste i samsvar med reglement.
- Gje påskjøning til tilsette, sende blomster, helsingar og kransar m.m. innanfor grenser sett i reglement eller ut frå sedvane.

6. Generelt har alle leiarar som dette reglementet rettar seg mot personalansvar for sine underordna, og mynde og plikt til å gjennomføre personalleiaroppgåver innanfor dei rammer som lover, forskrifter og reglement gjev.



INTERNKONTROLL I HAREID KOMMUNE - DELEGASJONSREGLEMENT

Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 7 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Saker knytta til kommunen sine eigedomar

1. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar plan- og utvikling**:

- Selje tilleggsareal, godkjenne mellombelse bruks-/ leigeavtaler og rettar, fråfelle rettar som forkjøpsrett, festerett og servituttar når saka vert rekna som kurant.
- Selje tomter der arealet er regulert til bustadformål og tilleggsareal til bustadtomter der saka vert rekna som kurant. Slike område skal seljast til ein pris fastsett av kommunestyret, evt. etter takst.
- Rekvirere takstar over bustadtomter og tilleggsareal til bustadtomter i kurante saker der prisen ikkje er fastsett av kommunestyret.
- Utforme og underteikne kontraktar og skøyter som gjeld sal av bustadtomter og tilleggsareal i regulert område. Dette myndet kan ikkje delegerast vidare.

2. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Einingsleiar kommunal eigedom FDV**:

- Utforme og underteikne utleigekontraktar på kommunale utleigebustadar. Dette myndet kan delegerast vidare.
- Forvalte kommunen si bustadmasse. Mynde til kjøp og sal av bustader er ikkje delegert.

3. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar brannvern**:

- Utøve mynde i samsvar med vedtekne reglar for handel m.v. på torg og andre offentlege plassar.

Økonomiske tilhøve:

1. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar økonomi**:

- Fråfalle pant for lån på mindre parsellar (eigedomar) og vike prioritetet når dette ikkje inneber vesentleg tapsrisiko for kommunen.
- Gjennomføre konkrete låneopptak som er vedtekne av kommunestyret.
- Ettergjje krav og/eller renter når dette vert dekt innan gjevne budsjetttrammer og er ein del av arbeidet med innfordring av kommunale krav.

2. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **kommunalsjefar, einingsleiarar og leiarar stabfunksjonar**:

- Gjere innkjøp og gå inn andre avtalar av rein driftsmessig karakter innanfor vedtekne budsjettfullmakter.
- Å inngå avtalar som skal tinglysast vert ikkje delegert.

3. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar servicekontor**

- Tildele kommunalt husleigetilskot etter rammer og retningslinjer gjeve av kommunestyret.
- Fordele støtte til dei politiske partia etter reglar frå FAD og kommunestyret.

4. Elles gjeld kommunen sitt økonomireglement.



INTERNKONTROLL I HAREID KOMMUNE - DELEGASJONSREGLEMENT

Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 8 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

5. Generelt har alle leiarar som dette reglementet rettar seg mot budsjettansvar for sine ansvarsområde, og har plikt til å gjennomføre oppgåvene sine innanfor dei rammer som kommunestyret eller andre med mynde har fastsett - og elles i samsvar med lover, forskrifter, reglement eller andre gjevne retningslinjer.

Andre saker:

1. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **kommunalsjefane** innan sine ansvarsområde:
 - Ta stilling til om klage på vedtak skal gjevast oppsettande verknad når vedtaket er gjort administrativt.
2. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Kommunalsjef velferd:**
 - Tildele tryggleiksalarm i samsvar med vedtekne retningslinjer.
3. Rådmannen sitt mynde på følgjande område vert delegert til **Leiar servicekontor**
 - [Jfr. § 41](#) Om dekning av utgifter og økonomisk tap (kommunale tillitsverv)
 - [Jfr. § 42](#) Om godtgjerdsle (kommunale tillitsverv)

Arkivlova

[Til forside](#)

Rådmannen er tillagt ansvaret etter [arkivlova](#) og forskrift til § 12: [Forskrift for offentlege arkiv](#). Rådmannen sitt mynde etter denne forskrifta [§ 1-1. 2.ledd Arkivansvaret i offentlege organ](#) vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat**.

Forvaltningslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter [§ 36](#) vert delegert til aktuell **einingsleiar** eller **avdelingsleiar stab**.

Alkohollova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Einingsleiar sosialtenester og barnevern har ansvaret for kontroll av beviljingar, [jfr. § 1-9](#) og [forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) §§ 9-1 og 9-3.

Ansvaret for beviljingsgebyr ligg til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat**, jfr. lova [§ 7-1](#) og [forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) kap 6.

Godkjenning av skjenkebevilling for eit enkelt høve, ambulerande skjenkebevilling og utviding av skjenkebevilling ligg til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat**, jfr. lova §§ [4-2 og 4-5](#).

Gjennomføring av kunnskapsprøver ligg til **Einingsleiar sosialtenester og barnevern**, jf. lova [§ 1-7c](#) og [forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) § 5-2.



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 9 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Barnehagelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

1. Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter vert delegert til **Kommunalsjef oppvekst.**

Barnevernlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Einingsleiar sosialtenester og barnevern.**

Brann- og eksplosjonsvernlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar brannvern.**
Mynde kan ikkje delegerast vidare.

Eigarseksjonslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar plan og utvikling.**

Film- og videogramlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Einingsleiar bibliotek.**

Folkehelselova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommuneoverlege.**

Forureininglova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

1. Rådmannen sitt mynde etter forskrift til § 9, Forskrift om gjødselvarer mv. med organisk opphav, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 10 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

2. Rådmannen sitt mynde elles etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef kommunalteknisk drift.**

Friluftslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til

Hamne- og farvasslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef kommunalteknisk drift.**

Helse- og omsorgstenestelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde og ansvar etter § 3-2 i lova for punkt 1-4 samt [Forskrift om oppjustering av driftsavtale for fysioterapeuter](#) vert delegert til **avdelingsleiar personal.**

Rådmannen sitt mynde og ansvar etter § 3-2 i lova for punkt 5 og 6 samt [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#) vert delegert til **Kommunalsjef velferd.**

Rådmannen sitt mynde etter andre paragrafar i lova med tilhøyrande forskrifter vert delegert til **Kommunalsjef velferd** ut frå dei ansvarsområda som er definert i delegasjonen for § 3-2.

Hundelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar plan og utvikling.**

Husbanklova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat** for det som gjeld tildeling av startlån, bustadtilskot og bustønad.

Introduksjonslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 11 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef for næring, kultur og samfunnsutvikling.**

Jordlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**

Konfliktrådslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat** Konesjonslova

Konesjonslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**

Lakse- og innlandsfiskelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**

Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Einingsleiar sosialtenester og barnevern.**

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar plan og utvikling.**

Lov om tilskot til livssynssamfunn



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 12 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef næring, kultur og samfunnsutvikling.**

Lov om trussamfunn og ymse anna

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef næring, kultur og samfunnsutvikling.**

Matrikkellova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar plan og utvikling.**

Odelslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**

Offentlegheitslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat.**

Opplæringslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

1. Rådmannen sitt mynde etter denne lova , vert delegert til **kommunalsjef oppvekst,** med unnatak av fylgjande kapittel/paragrafar som vert delegerte **til kommunalsjef for næring, kultur og samfunnsutvikling**
 - kap 4, «Vidaregåande opplæring i bedrift»
 - kap 4A «Opplæring spesielt organisert for vaksne»
 - kap 12 «Organ knytte til fagopplæring i bedrift
 - kap 13, § 13.6 «Musikk og kulturskuletilbod»



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 13 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Plan- og bygningslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar plan og utvikling.**

Serveringslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannens mynde etter lova med forskrifter vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat.**

Skogbrukslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor).**

Smittevernlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommuneoverlegen.**
Mynde etter § 7-2 vert ikkje delegert.

Stadnamnlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef for næring, kultur og samfunnsutvikling.**

Straffelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde til å krevje offentleg påtale i saker som er omfatta av kapittel 24 og 26, vert delegert til **Skatteoppkrevjar.**

Tobakksskadelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommuneoverlegen.**



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 14 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Tvangslova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar økonomi**.

Tvistelova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat**.

Veglova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef kommunalteknisk drift**.

Vegtrafikklova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

1. Rådmannen sitt mynde etter forskrift til §§ 5 og 8, Forskrift om parkering for forflytningshemma, vert delegert til **Leiar servicetorg og politisk sekretariat**.
2. Rådmannen sitt mynde for øvrig etter lova med forskrifter, vert delegert til **Kommunalsjef kommunalteknisk drift**.

Viltlova

[Til forside](#)

[Til delegasjonsreglementet for denne lova.](#)

Rådmannen sitt mynde etter lova med forskrifter, vert delegert til **Landbrukssjefen (Søre Sunnmøre Landbrukskontor)**.



Vedteke av rådmannen	Saknr	Dato	Side 15 av 15 sider
Godkjent 10.06.2013	2012/1036		

Oversikt over revisjonar av intern delegasjon

Endring Nr.	Dato	Politisk vedtak	Kva er endra	Oppdatert av
1	11.6.2013	Adm.	Alkohollova – vedr. omsett alkohol og amulerande skjenkeløyve – delegert leiar servicetorg og politisk sekretariat	Helga Bøe-Grimstad
2	11.6.2013	Adm.	Husbanklova – vert delegert leiar servicetorg og politisk sekretariat	